



---

RAPPORT 2022

# Aktsamheitsvurdering for Vik Ørsta AS

## Innhold

Innleiing og forankring	2
Organisasjon	2
Aktsamheitsvurdering	3
Metodikk for Aktsamheitsvurdering	3
Definerte tiltak etter vurderinga	6
Etablerte varslingskanalar	6
Informasjon	6
Signaturar	7

## Innleiing og forankring


Vik Ørsta AS er det største enkeltsselskapet i Saferoad-konsernet med om lag 300 tilsette. Vi produserer og leverer produkt innanfor marknadsområda Rekkverk, Bergsikring, Lysmast og Marina. Bedrifta er lokalisert i Vik i Sogn og i Ørsta på Sunnmøre og har historie heilt tilbake til 1947.

Våre verdiar er

- Omtanke – motoren i oppdraget vårt med å gjere livet på vegen tryggare. Vi bryr oss om folk på vegen, kundane våre, dei tilsette og miljøet.
- Integritet – kompasset vi brukar for å navigere handlingane våre etter. Vi er profesjonelle, pålitelege og ivrig etter å dele kunnskapen vi har, både med kvarandre og dei rundt oss.
- Driv – våre medarbeidarar er energien som driv motoren vår. Med motiverande og drivande bedriftskultur, er vi alltid på veg framover og jobbar for å vere leiande i marknaden.

Gjennom arbeidet vårt skal vi unngå negativ påverknad på menneskerettar og arbeidsforhold. Dette sikrar vi gjennom å stille krav til oss sjølve, leverandørane våre og underleverandørar. Vi skal jobbe for å avdekke område der bedrifta kan ha negativ påverknad og ha høgt fokus på desse.

## Organisasjon



## Aktsamheitsvurdering

Alle som kjøper varer og tenester kan potensielt ha negativ påverknad på menneske, samfunn og miljø. Vi skal jobbe for å minimere dette ved å

- Gjennomføre aktsamheitsvurdering av eiga verksemd og våre leverandørkjeder
- Ha tett oppfølging av leverandørar gjennom etiske retningslinjer (Code of Conduct)

Vi samarbeider tett med leverandørane våre og har utarbeidd Supplier Code of Conduct, for å definere kva vi krev av leverandørane . Retningslinjene inkluderer menneskerettar, rettar til tilsette, barns rettar, miljø, korrupsjon, interessekonflikter og handelssanksjonar. Leverandørane våre skal levere varer og tenester som er produsert i samsvar med gjeldande lover, føreskrifter og Code of Conduct. Utover dette, skal dei kommunisere vidare Code of Conduct til sine underleverandørar og overvake deira samsvar i forhold til retningslinjene.

Leverandørane våre skal kunne dokumentere at dei overheld Code of Conduct. Det kan vere gjennom eigenerklæring, oppfølgingsmøte, due diligence av ekstern tenesteleverandør og/eller inspeksjonar av arbeidstilhøva på produksjonsstad.

Ved brot på Suppliers Code of Conduct blir det utarbeidd ein felles plan for å utbetre brotet innan rimeleg tid. Dersom dette ikkje blir utført, kan kontrakten bli terminert.

## Metodikk for Aktsamheitsvurdering

Vi har først kartlagt leverandørane våre og forretningspartnarar basert på:

- Er leverandør/forretningspartnar eller produkt underlagt sanksjonar etter:
  - EU Sanctions map
  - US Dept. of the Treasury overview of «Sanctions Programs and Country information»
  - UK HM Treasury overview of Financial sanctions
- Er leverandør/forretningspartnar:
  - Agent
  - Meklar
  - Lobbyist

Deretter fordeler vi leverandørar/forretningspartnarar i følgjande kategoriar:



- Etablert i Norden (841stk)
  - Vurdert samla i aktsamheitsvurderinga pga. svært lite sannsynlegheit for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold
- Etablert i Vest-Europa (Ex. Norden) (14stk)
  - Vurdert samla i aktsamheitsvurderinga pga. svært lite sannsynlegheit for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold
- Etablert i Aust-Europa (4stk)
  - Vurdert kvar for seg i aktsamheitsvurderinga pga. middels/lav sannsynlegheit for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold
- Etablert utanfor Europa (4stk)
  - Vurdert kvar for seg i aktsamheitsvurderinga pga. middels/lav sannsynlegheit for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold

For å avdekke risiko og prioritere, er det tatt i bruk standard risikovurderingsmetodikk. Her tek ein utgangspunkt i konsekvens av og sannsynlegheit for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Følgjande modell er brukt:

Vurdering av sannsynlegheit	
Svært liten	1
Liten	2
Middels	3
Stor	4
Svært stor	5

Vurdering av konsekvens		
Lav	1	Vil ikkje forårsake fysisk eller psykisk skade eller brot på menneskerettar.
Middels	2	Vil ikkje forårsake fysisk eller psykisk skade, men det kan oppstå brot på menneskerettar.
Høg	3	Vil sannsynlegvis ikkje forårsake fysisk skade men det kan sannsynlegvis forårsake psykisk skade.
Alvorleg	4	Vil sannsynlegvis ikkje forårsake fysisk skade men det kan sannsynlegvis forårsake alvorleg psykisk skade.
Svært alvorleg	5	Konsekvensar kan føre til tap av liv eller forårsake alvorleg fysisk skade.



## Definerte tiltak etter vurderinga

For å definere, planlegge og iverksette tiltak som hindrar faktiske negative konsekvensar eller avgrensar risiko for negative konsekvensar, har Vik Ørsta fokusert på å innhente informasjon frå partnerane vi vurderer med høgst sannsynlegheit for brot på menneskerettane.

Følgjande tiltak skal vere utført i løpet av 2023:

- Implementering av Supplier Code of Conduct for alle leverandørar
- Signert «Supplier Self assessment» frå definerte leverandørar
- Gjennomføre «Supplier Audit» etter oppsett plan

## Etablerte varslingskanalar

Dersom eigne tilsette eller eksterne interessentar har mistanke om kritikkverdige forhold i Vik Ørsta, eller partnerane våre, er følgjande varslingskanal etablert:

[Whistleblowing \(saferoad.com\)](https://www.saferoad.com)

## Informasjon

Frå 1. juli 2022 har alle, ved skriftleg førespurnad, rett på informasjon om korleis vi handterer faktiske og potensielle negative konsekvensar generelt, for enkeltvarer eller tenester.

For å rette ein slik førespurnad, ber vi deg ta kontakt på følgjande e-postadresse:


[apenhetsloven@vikorsta.no](mailto:apenhetsloven@vikorsta.no)

Vi vil som regel handtere førespurnaden din innan tre veker frå mottak.

## Signaturar

Ørsta, 22. juni 2023


Vik Ørsta AS

DocuSigned by:  
  
412CBEEB13844BD...


Espen Samuelson  
*Styreleiar*

DocuSigned by:  
  
DC6D0D0A21714FC...

Oscar Sandell  
*Styremedlem*

DocuSigned by:  
  
BCBF6D5AE6E8486...


Steinar Holtskog  
*Styremedlem*

DocuSigned by:  
  
149A707ECD544B8...


Katrin Vinjevoll  
*Styremedlem*

DocuSigned by:  
  
FEA5397E9B64495...

Martin Sigve Fosse  
*Styremedlem*

DocuSigned by:  
  
2CA76BF6DFA0405...

Jan Kristian Eidheim  
*Styremedlem*

DocuSigned by:  
  
B034AE1472484D3...

Kjetil Nasset  
*Administrerende  
direktør*